

## Modernisert eventyr i Aktivitetshuset

03.04.2009



Erling Andersen (Askeladden) og prinsessa med kongen og dronninga bak. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**På den siste skuledagen før påsken fekk elevar og lærarar ei spesiell oppleving i Aktivitetshuset: Under den månadlege morgonsamlinga framførte sjetteklassingane eit modernisert eventyr. Det var heller fritt for påskebodskap, men det kompenserte klassa med ein utflykt i naturen etterpå.**



Aktørane hadde all grunn til å vera fornøgde med prestasjonane sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vårlege Grieg-tonar var velkomsthelsing og 'Erling Andersen og halve kongeriket' heitte det kvarterlange spelstykket, som er skreve av Rune Belsvik.

Det handlar om brørne Per, Pål og Erling Andersen - med andre ord eventyret om Askeladden i ei svært moderne utgåve.

Prinsessa i stykket er ikkje heilt som prinsessa i eventyret - ho har som sitt einaste ønskje å reisa ut i verda med tog. Og i tråd med det kjem toget til Voss til å spela ei sentral rolle til slutt.

Alle 13 i klassa hadde ansvar, men naturleg nok hadde nokre aktørar større ansvar enn andre. Alle imponerte, også det polske innslaget i klassa, som heiter Januzh Bednarski.

I tillegg til han er det særleg grunn til å trekka fram Erling (Askeladden) spela av Are Legland, vakta spela av Kristoffer Hansen og prinsessa spela av Elisabeth Rebaudo. Det er mykje skodespelartalent göymt i denne klassa! Lærar og instruktør Åse Nesi var sjeldan frampå med suffli.

Dette spelstykket var det naturleg å framføra akkurat no fordi klassa hadde kome fram til det i nynorskverket. Lars Andres Sæbø stod for den musikalske innramminga.

Etter framsyninga tok Åse med seg elevane til fjells der dei traff femteklassingane og grilla bananar saman med dei på Revhaug.

Summa summarum: Den siste skuledagen før påske i 2009 vart spesiell på meir enn eitt vis for femte- og sjetteklissingane.

Av Ola Matti Mathisen